

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 1

Påske 2026


Årgang 92 år



Bli med på "Walk and run 2026"
s.10-11



Den tomme krossen
s. 2



Vi feirar påske i Fusa
s. 8-9

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandssosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Anette-Emilie Gangstø 45 28 02 78

Dagleg lei/assisterande kyrkjevevjerje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Trusopplæring

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrliid Eide 97 65 01 55

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøen 56 58 01 81

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Fusa frivilligsentral 56 58 01 14

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436**

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandssosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

Framsida:

Øyvind Nordbø framfor Sundvor kyrkje.

Foto: Astrid Heidal.

Tekst og foto i bladet: Fusa sokn, dersom
anna ikkje er notert.

REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no
og staben ved kyrkjekontoret

Den tomme krossen

Av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjhusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjhusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss. I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

For Livet og Håpet er sterkare!

Døden må vike for Gudsrikets krefter!

Livet er gjemt i et jordekket frø.

Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.

Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)



Biskop
Ragnhild Jepsen



Takk for gåva!

Tekst: Hans Einar Markhus

Fusa sokn har god tradisjon med innsamling av midlar til gode prosjekt, både til vårt eige arbeid i Fusa og til viktig arbeid ute i verda. I 2025 var summen av innsamla midlar og gåver vel 1,2 millionar kr., og 230 000,- kr. av dette er gjeve vidare til eksterne føremål, t.d. omsøkte offerføremål, Childrens Burn and Wound Care Foundation (brannskadde barn), misjonsprosjektet vårt (elevstipend på Tabor College i Etiopia), m.m.

Prosjekta Open Hall, Ferieklubben og Matgåve til jul som frivilligsentralen vår står i bresjen for, har fått nærare 400 000,- kr. i støtte gjennom gåver frå Sparebanken Vest, Fusa Kraftlag, Sanitetsforeiningane i bygdene våre, Lions og næringslivet elles. Tiltaka kunne ikkje vorte gjennomførte utan desse gåvene.

Kyrkjelyden har gjeve nær 260 000,- kr. gjennom kollektar på gudstenestene, fordelt på eigne Fusa-

føremål og eksterne organisasjonar. Forutan den gode inntekta salet av Fusa-kalenderen gjev til barne-og ungdomsarbeidet vårt, har kyrkjelyden òg bidrege med over 160 000,- kr. i andre gåver til dette føremålet.

Uansett er det dei mange jamne og tilfeldige gåvene som kvar einskild gjev gjennom året som til slutt skapar dette resultatet. Eit resultat som gjer at me kan halda fram med å skapa gode tiltak for små og store i Fusa-bygdene og som gjer at me kan bidra til at menneske ute i verda får ein betre kvardag. Slik kan me saman spre Guds ord og godleik. Slik kan me vera Jesu hender og føter for kvarandre.

Takk til alle gjevarar!



Takk for lyd!

Tekst og foto: Hans Einar Markhus

Hålandsdal kyrkje har ved sida av regelmessige gudstenester, gravferder og vigslar, dei siste åra vore mykje brukt til konsertar og kulturarrangement. Slike arrangement krev eit bra lydanlegg, og sidan kyrkja ikkje har hatt dette har ein for kvart arrangement rigga opp og ned anlegg. Det taleanlegget ein har hatt fast i kyrkja er gammalt og knapt nok brukande til taleanlegg ved vanlege gudstenester.

Summen av dette har gjort at ein hausten 2025 fekk installert eit nytt og permanent lydanlegg som er veldig tenleg til dei vanlege kyrkjelege arrangementa, og som enkelt kan utvidast i samband med t.d. konsertar.

Dette anlegget var m.a. Harald Bjørndal sitt initiativ. Han døde dessverre sjølv på same tida som

anlegget vart installert i kyrkja, så han fekk ikkje oppleve det ferdig. Men han skaffa midlane, noko som var avgjerande for å få det til. Derfor vil Fusa sokn og alle som brukar kyrkja i Hålandsdalen rette ein stor takk til aksjonærene i

Hålandsdalen Utbygging AS som har bidrege med 150 000,- kr. til anlegget: Tombre, Eide, Rolv Haugarvoll, familien Bjørndal, Alsaker Fjordbruk og Veterinær Martin Aarseth.





Kyrkjetenaren på Sundvor

Tekst og Foto: Astrid Heidal

Tallause gonger har kyrkjetenar Øyvind Nordbø låst seg inn i Sundvor kyrkje. Med ca. 26 km turl retur frå heimen blir det veldig mange mil på 26 år! Øyvind, som nærmar seg pensjonsalder, vil takka for seg hos arbeidsgjevar L.Hjertnes AS på Nordtveitgrend når han blir 67 år i august. Der har han hatt sitt levebrød i 45 år. Men som kyrkjetenar har han slett ikkje tenkt å gje seg.

Kyrkjetenar i funksjon

Øyvind liker å vera kyrkjetenar. Vera i det vakre kyrkje-rommet på Sundvor. Liker å vera ute i god tid, vita at alt er på plass, finna ro, nyta ei stille stund før gudstenestene. Så skal han ringja med klokka – ein time før, ein halv time før, og fem minutt før gudstenesta tek til. Opp i tårnhuset og fysisk dra i klokketauet - få fram korrekt klokkeklang. Den 100 år gamle kyrkjeklokka har inskripsjonen: Frå sut og strev og kvardagsvyrkja Til helg og kvild hjå Gud i kyrkja. Kom, kom, kom. Å ringja fysisk ved å dra i eit tau krev øving - passe sterk lyd, passe lang klang, jamne tre gonger tre slag ved slutten av gudstenestene. *Prøv sjølv!*

”

- Å ringja fysisk ved å dra i eit tau krev øving

Sidan år 2000

Eg søkte då kyrkjetenar-stillinga var utlyst i år 2000 - ein liten stilling på 16%, fortel Øyvind. Det var ikkje noko til å leva av, men eit lite tilskot til inntekta. Og eg hadde lyst til å gjera teneste i kyrkja. Så eg gjekk til arbeidsgjevar min, Hans Hjertnes, og spurde om eg kunne få fri på kvardagar til gravferder og evt. andre ting på dagtid. Og fekk eit OK. - Det var jo mogleg for meg å jobba inn att noko forsømt arbeidstid på “Sago”, seier han.

Han var ikkje inne til intervju, men fekk jobben. Soknerådsleiar Anne Martinsen gav han tenestebrev i Ingvard Hageberg si sokneprest-tid. Etter eit års tid ville Hageberg ha ein prat med meg - det er det næraste eg har vore eit jobbintervju i heile mitt liv - på Baldersheim helsetun, ler Øyvind. Åra går fort - kvar er dei 26 åra blitt av? undrast han. Eg har i alle fall ikkje angra eit sekund på at eg tok denne jobben, slår han fast. Litt underleg er

det å tenkja på at har han “overlevd” mange prestar og fått med seg tre bispevisitasar.

Meir enn varme og lys i kyrkja...

Kyrkjetenaren har ansvar for alt innafor kyrkjeveggen. Ikkje for noko ute, seier han. Men kven andre enn Øyvind er det som pynter med faklar og flagg langs vegen opp til kyrkja i spesielle anledningar? Det er han som syter for at lys, varme og høgtalaranlegg verkar som det skal. Til gudstenestene skaffar han friske blomar og tenner levande lys på altaret. Altarlys – uvanleg lange, tjukke, tunge lys finn han ikkje i nærbutikken. Kyrkjetenaren hengjer opp salmenummer på nummertavla høgt oppe på vegg og passar på at kyrkjesølv er blankt.

Ved gravferder trengst også lys og varme. Det er kyrkjetenaren si oppgåve. Elles tek gravferdabyrå seg av all pynting og rigging. Å vera kyrkjetenar ved gravferder tykkjer Øyvind Nordbø er meningsfullt. Noko av det mest gjevande er å ta imot pårørande i kyrkjedøra på slike dagar. Folk liker å møta nokon dei kjenner, har han erfart. Tid om anna er det også bryllaup. Då må han få kyrkja til å skina!



Øyvind Nordbø syter for meir enn lys og varme i kyrkja. Det blir fint når han har tent levande lys og sett blomar på alteret.

Kyrkjetenar-vaktmeister

Så skal det ryddast etterpå, programfoldarar, salmebøker, teiknesaker og sitjeputer. Alle lys må sløkkjast og varmeomnar regulerast. Toalett og våpenhus skal vaskast – og kyrkjerommet, viss det trengst. Ofte er det greitt nok å støvsuga. Rydding og vask etter gravferdene må Øyvind ta.

Kyrkjetenaren syter for opne rømningsvegar kvar gong det er arrangement i kyrkja. Og ein gong i året går han gjennom branninstruks med alle som gjr teneste der. Og når kuldegradene kryp inn i vegger



Jesuslyset i lysgloben skal brenna. Kyrkjetenaren legg til rette for dei som vil tenna sitt vesle lys for trøyst, bøn og takk.


og grunnmur må kyrkjetenar-vaktmeisteren passa på at vassrørane i kyrkja ikkje frys i bein. Det hender også at kyrkjetenarane i Fusa vikarierer for kvarandre.

Har du nokon gong gjort ein lei kyrkjetenartabbe som du no kan flira litt av? - Eg kjem ikkje på nokon tabbe, men ei uheldig hending som eg ikkje gløymer, seier han. Det var gravferd og eg var i tårnet og ringde. Starta med klemting, litt svake, enkle slag før den kraftigare ringinga rett før seremonien. Eg tok godt tak i tauet og drog, og der slitna det. Der stod eg med stumpen i neven. Kva gier eg no? Eg måtte berre halda fram med dei lette, enkle slaga den gongen, hugsar han.

Har kyrkjetenarjobben gjort noko med kristentrua di, eller ditt forhold til Jesus Kristus? - Utvilsomt, forsikrar Øyvind. Det har forsterka trua på at det er noko meir etter dette livet. Det MÅ vera moko meir, seier han med ettertrykk!

Sundvor kyrkje 100 år

Den vesle, vakre kyrkja på Sundvor er snart 100 år. Ho var nybygd i 1926 og innvigd i 1927. Ho har vore ei ramme for folk i glede og sorg gjennom eit hundreår med store forandringar på så mange område, i bygdesamfunn og folketal. Då kyrkja blei bygd var Sundvor eit sentrum og samlingsplass for dei veglause grendene rundt Lygrepollen, Lukksund og Nordtveit, med butikk, post og rutebåtekspedisjon. Stor var gleda i 1927, då dei 450 innbyggjarane som sokna til, skulle få sleppa å fara over Bjørnafjorden til Strandvik for å koma til kyrkja. Ofte i robåt. Det var ei lang – og til tider ei farefull ferd. Kyrkjetenar Øyvind har førebels ikkje noko konkret å melda om 100-års feiringa, men soknerådet er i gang med å planleggja jubileum for kyrkja hausten 2027.



Øyvind kyrkjetenar og Sundvor kyrkje



Kva med framtida?

Øyvind er spent på kva framtida vil bringa. Kyrkjeverja for Bjørnafjorden melder både om førebels tilsetjingsstopp og innstramming av budsjett for drift av kyrkjene i 2026 og 2027. Vil det råka desse små kyrkjetenarstillingane våre, lurar han på.

På privaten

Øyvind vaks opp på Baldersheim, i mora sin barnomsheim. Der har han budd heile livet. Då han var liten og ung var bygda hans veglaus sørover. Vegen mot Sundvor kom fyrst i 1970.

Eg vaks opp i ein kristen heim, fortel han. - Me hadde ikkje vegforbindelse til kyrkja, så me gjekk i bedehuset som barn og unge - på søndagsskule og bedehusmøte når reisande talarar kom til bygda.



Mathilde og morfar (privat foto)

Først når borna våre blei konfirmantar, vart det interessant å engasjera seg i kyrkja. Øyvind er gift med Annlaug og far til fire. Dei har ein fin flokk barnebarn i alderen 18 – 1 ½ år. Dottera Linda Beate

sin familie bur nærast og er oftast innom. Då kjem Mathilde på 4 år springande rett i fanget på morfar. Der er det godt å vera.

Øyvind møter menneske med eit stort smil. Det betyr ikkje at livet er lett heile tida. Motbakkane blir for han - som for folk flest - tid om anna vel bratte. - Kvar henter du mot og styrke når livet buttar i mot? - I tillegg til å be, seier Øyvind, er det godt å koma seg ut i naturen. Og det hjelper å vera open og snakka med familien om det som er vondt. Så er han glad i forteljinga "Sporene i sanden" - om mannen som drøymde at han og Jesus gjekk tur på stranda – to fotspor i sanden. Bilete frå livet til mannen kom til syne på himmelen. Mannen forstod ikkje at stykkevis var det berre eitt fotspor – i dei periodane livet var tyngst, sjølv om Herren hadde lova å gå med han heile vegen. Då svara Herren: Mitt kjære dyrebare barn. Eg elsker deg og vil aldri gå frå deg. Dei gongene du ser berre eitt spor, er dei gongene eg bar deg...

Arbeidslivet

Øyvind Nordbø er utdanna agronom frå Stend, så det var naturleg å bli avløyser på gård. Etter 3 år med gårdsstell for bønder på Nordtveitgrend og Baldersheim, fekk han vita at L. Hjertnes var ute etter meir arbeidskraft på "Sago", sagbruket som blei takstolproducent. - Eg søkte på ei stilling der ved å banka på døra til sjefen, Hans Hjertnes, ein laurdag i 1981. "Du kan begynna i morgon", var svaret han fekk. - Eg venter no til mandag, svara Øyvind - og møtte opp då. Der har han sidan vore.

Engasjement på mange plan

CV-en min er ikkje lang for arbeidslivet, seier Øyvind. Frivillig-CVen, derimot, noko lengre. Alt som 17 åring var han med og starta Baldersheim idrettslag, og var styreleiar der i 20 år. Mest friidrett. Laget reiste rundt på friidrettsstemne frå Nordhordland til Haugalandet, både sommar og vinter. Øyvind har også vore med i styret for Bergen og Hordaland friidrettskrets i eit par periodar og i styret for Hordaland idrettskrets. Så kom fotballen, der han i årevis var fotballdommar i heile Hordaland.

I tre periodar sat han i kommunestyret for Fusa senterparti. For Senterpartiet har han vore partileiar og gruppeleiar i kommunestyret. Han var også ein periode leiar for Driftsutvalet i kommunen. Til sist var han med då det blei gjort vedtak om kommunesamanslåing, frå Fusa og Os til Bjørnafjorden kommune. I to periodar var han også Fusa sokn sin representant i styret for Fusa frivilligsentral.

Meir fotball

Forballinteressa har gitt Øyvind gode avbrekk i kvardagsstrevet og ekstra stjerner i augekroken. Heilt frå han var liten har det engelske fotballaget Leeds vore hans favorittlag. At han gjennom Leeds-interessa fann ein fotballkompis og god kamerat i Harald Geir Sæther, som også var Leeds-fan, har betydd mykje for Øyvind. 10-11 gonger reiste dei til England, gjerne i lag med andre. Me budde alltid i London og tok med oss alt me kunne få av opplevingar på ei langhelg - musikal, togturar til Leeds, fotball-kampar og lange spaserturar i parkane. I 2019 var me i Den Norske Sjømannskyrkja. Der møtte eg jammen folk frå Bårtveit på Baldersheim. Dei kjende godt til bygda vår der heime, fortel han. Dette blei den siste turen, førebels. Pandemien sette ein stoppar der.



I tillegg til å be, er det godt å koma seg ut i naturen

Spesielt

På ein spasertur i London kom Øyvind og Harald Geir ut for ei svært spesiell og dramatisk hending. Dei skulle kryssa ei gate, og måtte plutselig hoppa tilsides for to motorsyklar som kom rasande mot dei – med to personar på kvar sykkel. Dei to pasasjerane hoppa av syklane – som raste vidare. På lette bein sprang dei to over til ein gullsmedforretning, knuste glas, hoppa inn og i fylte i posane sine med gullsmedvarer mens motorsyklane køyrde rundt i ring, rundt bygningane der. På siste runden, full fart, kom dei to ranarane og hoppa opp på bakseta, og syklane forsvant. Harald Geir og eg stod og såg på medan storbyens dramatik hende rett framfor oss, fortel kyrkje-tenaren på Sundvor.

Alle oss som er glade i og nyttar kyrkjene i Fusa sokn er svært takksame for tenesta kyrkjetenarane gjer i kyrkjene våre og for fellesskapet her. Arbeidet dei utfører gjer at det alltid er fint og godt å koma til Sundvor kyrkja så vel som dei andre kyrkjene i soknet vårt.

Min påskesalme

- Øyvind Nordbø

Øyvind har vanskeleg for å velja ein favoritt påskesalme.

Mange er så sterke og fine, seier han.

Men - "Påskemorgen slukker sorgen" eller ein annan

- han landar på denne:

"Han er oppstanden" nr. 204 i Salmeboka

Du kan høyre salmen ved å skanne QR-kodane.

Her er to innspelningar med forskjellige musikalske uttrykk.

Han er oppstanden.

Halleluja!

Tekst:

Bernhard Kyamanywa 1966

Øversett: Anne M Brodahl 1979

Melodi: frå Tanzania.



1 Han er oppstanden. Halleluja!

Lov ham og pris ham! Halleluja!

Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.

Han har beseiret mørke og død.

Omkved:

Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,

han som gir synderen livet igjen!

Halleluja! Vi skyldfrie er.

Halleluja! Vår Jesus er her!



2 Tre dager dødens fange han var før han stod opp og seiren var klar.

Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.

Frelse og fred ved Jesus vi fikk.

Omkved

3 Engelen ropte: Frykt ikke mer!

Han som du søker, er ikke her.

Se der er stedet hvor han ble lagt.

Han har stått opp - som selv han har sagt.

Omkved

4 Gå og fortell at tom er hans grav.

Livet han vant, da livet han gav,

gav det for oss og kjøpte oss fri.

Frelse og fred han alle vil gi.

Omkved



VI FEIRAR PÅSKE I FUSA

Palmesøndag, 29. mars

Jesus var ofte i Jerusalem for å feire påske. Men denne påsken skulle bli annleis, og det visste han. Først skulle søndagen før påske markerast. Jesus bad disiplane finne eit esel til seg. Så sette han seg på dette eselet og rei inn i Jerusalem. Folket hylla han som ein konge og ropte «Hosianna, (Hurra!) kongen vår er komen!» Dei la kapper og palmegreiner på vegen framføre han. Me feirar denne dagen som palmesøndag, og den feirar me i lag på gudsteneste i **Sundvor kyrkje, palmesøndag 29. mars kl. 11.00**. I denne gudstenesta blir det mykje sang og musikk og me skal ha fokus på nyare påske- sanger og salmar.



Skjærtorsdag, 2. april

Læresveinane og Jesus samla seg for å ete påske-måltidet, som var og er vanleg skikk for jødane. Ved inngangen til måltidet vaska dei alltid føtene, noko som var naudsynt ettersom dei brukte opne sandalar i ørkenstøv og skit og låg ved bordet når dei skulle ete. Det var tenarar som til vanleg vaska føtene til dei som skulle ete, men denne dagen gjorde Jesus det på alle læresveinane. Han vil at vi skal tene kvarandre på same måte. Skjær betyr rein. Jesus rensar oss og gjer oss reine med sitt blod, sin død for oss, og tilgjev oss all vår skuld. Litt uti måltidet braut Jesus brødet og delte vinen. Han bad oss å gjere det same, til minne om det som skulle koma: Jesu død på korset, Jesu offer for oss. Vi markerer dette måltidet til liv og fellesskap med nattverdsgudsteneste i **Strandvik kyrkje, skjærtorsdag 2. april kl. 19.00**.



Langfredag, 3. april

Jesus blir dømd, krossfest, døyr og blir lagt i grava. Under Langfredagsgudstenesta vert det kvart år lese lidings saga frå eit av dei fire evangelia. I år er det lidings saga etter evangelisten Johannes sin tur. Langfredagsgudstenesta vert i år i **Sævareid kapell, 3. april kl. 11:00.**



Påkenatt, 4. april

Trass i at Jesus si grav blir stengd med ein stor stein og vakta nøye, hende likevel det som Gud hadde planlagt skulle skje: «Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer, og sigrande stod opp frå dødsriket». Altertavla i Hålandsdal kyrkje lyser mot oss, med ein sigrande Jesus som har overvunne døden. Me feirer overgangen frå døden til livet i ei gudsteneste med a-capella sang og stearinlys, skriftlesing og andakt. Saman syng me "Deg være ære" medan me går ut i april-natta med tende stearinlys. **Hålandsdal kyrkje, påskeaftan 4. april kl. 23.00**



Påskedag, 5. april

Og sjå; steinen var rulla vekk og grava var tom. Jesus er stått opp, ja han er sannelig stått opp! Det er fest i kyrkja når me feirar at Jesus har stått opp frå døden og lever mellom oss no. Påskedag og det som skjedde då er opphavet til kristen tru og gudsteneste feiring. Me feirar med **festgudsteneste i Fusa kyrkje, påskedag 5. april kl. 11.00.** Med trompet i tillegg til det kraftige orgelet i Fusa kyrkje, skal sangen og musikken løfta taket og feira oppstoda!

2. påskedag, 6. april

Etter Jesu oppstandelse viste han seg for læresveinane og fleire andre. Det vil han gjera for menneska i dag òg. Gud er synleg på fleire forskjellige måtar, t.d. i naturen. Denne dagen feirar me med **friluftsgudsteneste ved Hafskorvatnet kl. 12.00.**

Tekst og foto: Fusa sokn





WALK & RUN 2026

VELKOMEN TIL

Folkefest og familiedag!

Laurdag 30.MAI 2026 kl. 12.00- ca. 14.00

På Tusenårsplassen i Eikelandssosen
(utanfor Bruktbuo)

Tekst og foto: FUSA SOKN OG CBWCF

Alle inntektene som kjem inn går til å operere brannskadde barn i Etiopia – gjennom arbeidet som dr. Einar Eriksen har bygd opp. Det finst ikkje offentlege tilbud for brannskadde i landet som har meir enn 100 millionar menneske.

Vi spør oss: **Kor mange brannskadde barn kan vi hjelpe?** Gjennomsnittskostnad er i 2026 om lag kr.12.000,- for å hjelpe eit barn.

Kva skjer laurdag 30.mai?

Vi arbeider med å få enno fleire innslag på plass, men her er førebels programoversikt. Det skal vere noko for alle aldrar. Som vanleg vert det ein del overraskingar.

- Bjørnis kjem
- RØFF (Røde Kors sin ungdomsorganisasjon) blir med
- Bruktbuo er open! Alle inntekter går til Walk and Run. Kafesal
- Nytt Dra-show. Vi aukar vekta på bilen frå ca 12 tonn til ca 14 tonn!!!!



- Det populære og actionfylte trillebårløpet er det tradisjon for! Ulike klassar – verksemder – privatpersonar og kanskje andre. Vi oppmodar verksemder om å melde seg på. Sjå kontaktinformasjon under.
- Lotteri (bruk av bøker) – førehandssal i regi av Bruktbuo
- Fotballdart
- Kåring av yngste deltakar? Kåring av eldste deltakar?
- Fellesstart – her håpar vi alle vert med – og det er lov å få hjelp - og det er lov med hjelpemidlar. Det viktigaste er at alle vert med! Ulike premieringar!
- To løyper; 500 meter og 150 meter.
- Musikalske innslag
- Barnehagar, skular, brannvesen og andre vert inviterte til å bli med, evt ha eige arrangement.

Detaljert program for Walk and Run kjem på eige ark i postkassane ein til to veker før sjølve familiedagen og folkefesten.

ARRANGØRER:



Den Norske
Kyrkja
Fusa sokn



Har du lyst å gjere noko for Walk and Run i 2026?

Kanskje du vil lage eit lotteri eller ha eit arrangement til inntekt for Walk and Run? Kanskje du ynskjer å selje noko som du t.d. har laga? Dette kan du gjere både før aksjonsdagen og på sjølve dagen. Det er også mulighet til å gjere noko i etterkant av dagen. Ta kontakt om du vil ha informasjon frå oss om kva inntektene går til, sjå kontaktinformasjon nederst på neste sida.

PASIENTHISTORIER:



Sumeya har her utført transplantasjon i mage- og brystregion.



Svært store delar av kroppen er brannskadd. Her ser vi at stort sett heile kroppen er bandasjert, og øver på å gå att.



Her er Semeya saman med ein del av helsepersonellet og sin far.



Bjørnis vart ein god venn og trygg å halde i.

Det nytter å hjelpe!

Sumeya Anwar, 7 år

Jenta Sumeya og familien bur i Illubabor, eit område om lag 550 km frå hovudstaden Addis. Hennar skade oppsto i heimen i fjor. Faren laga mat over bålet – som er vanleg i dei fleste heimane i Etiopia. Etter at maten var ferdig holdt dei liv i bålet slik at det fungerte som varme i hytta dei bur i. Dette var på den kalde årstida. Sumeya kom nær bålet, og kledda tok fyr – ein vanleg årsak til brannskader i Etiopia. Ho vart alvorleg brannskadd. Faren fann vann som han kasta på henne. Etterpå tok han henne med seg til Addis, først til eit sjukehus som ikkje kunne hjelpe ho. Seinare vart ho overført til Children Burn si avdeling på Jekatit-sjukehuset.

Det var brannskader på om lag 65% av kroppen, og blodpropp i begge lunger. Jenta kjempa og vann kampen for livet - saman med det dyktige etiopiske helsepersonellet som Children Burn v/ bl.a. Einar Eriksen har lært opp. Sumeya fekk ein Bjørnisbamse donert av ein brannstasjon i Noreg. Det er den første bamsen ho har eigd! Sumeya fekk behandling i ca 2 mndr. Ho er no utskriven. Sumeya skal tilbake når alle sår har grodd, for kontroll, og sjå til at ho ikkje får skader som kan oppstå i ettertid.



I 16 år gamle Rahimeto har fått svært alvorlege brannskader. Kva hjelp kan han få? Vi håpar det skal gå bra med han. I samband med årets «Walk and Run» har vi vald å følgje Rahimeto si utvikling framover. Utan bl.a. støtte frå Bruktbuo og andre lokale innsamlingsaksjonar til inntekt for brannskadde barn i Etiopia ville ikkje dei brannskadde der hatt eit slikt helsetilbod.



Kva skjer med Rahimeto?

Kyrkjebladet skal følgje Rahimeto

Rahimeto, 16 år.

I kyrkjebladet tenkjer vi å følgje Rahimeto framover. 5 dagar før fristen for å levere stoff til kyrkjebladet vart Children Burn gjort kjent med at ein svært alvorleg brannskadd ungdom låg på eit anna sjukehus i Addis Abeba. Han hadde vore der i to mndr utan å få nødvendig hjelp. Dagen etter vart han overført til Children Burn si avdeling. Vi har fått opplyst at brannskaden er 30-40% av all hudoverflate. Rahimeto er feilernært, så det første som må gjerast er å gi han næringsrik mat slik at han får krefter og styrke att. Når han er sterk nok vil ein begynne med nødvendig medisinsk behandling. Det er skremmande bilete å sjå. Det er brannskader frå halsen og ned til under navlen, og frå nakken og ned heile ryggen. Dessutan ser vi store brannskader på armer og litt i hodet. Vi kan sjå redselen til ungdommen i auge og ansikt – noko som er vanleg for denne type alvorlege brannskadde personar. Det er viktig å uttrykke at dei aller fleste får lyset att i ansiktet når dei har fått nødvendig helsehjelp. Brannskaden oppsto ved at ein motorsykel eksploderte, og flammen traff kledda han hadde på seg. Desse tok fyr. Vi presiserer at vi har fått lov frå Children Burn til å bruke desse bileta.

Lotteri med loddbøker

Bruktbuo arrangerer lotteri med loddbøker, og dei starter med sal i god tid før Walk and Run. Flotte gevinster!

SUMMEN AV SMÅ OG STORE GÅVER!

Vi håpar som før på god støtte frå privatpersonar, og saman med næringsliv, kommune, skular, barnehagar, lag/organisasjonar – som alle vert inviterte med! Greier vi å skape engasjement – då blir det spennande å sjå kor mange barn vi greier å hjelpe i 2026.

Du kan allereie no gje gåve til «Walk and Run 2026».

Vipps – søk opp Fusa sokn eller #90436 –

Brannskadde barn i Etiopia.

Bankkonto 3530 25 86215

og merk Brannskadde barn

NB! Gåver på kr.500,-

og meir gir rett til skattefrådrag

Kontaktinformasjon

Harald Geir Sæther, frivillig/koordinator for

Walk and Run 2026, tlf. 41662090 eller

på e-post: haraldgeir@yahoo.no

Fusa kyrkje kontor: tlf.56580181 eller

e-post: post.fusa@kyrkja.no

Fusa Frivilligsentral: tlf.56580114 eller

e-post: fusa.frivilligsentral@kyrkja.no

GOSPELKONSERT

– KICK-OFF FOR WALK AND RUN

Bli med på gospelkonsert med det lokale bandet Sjansespel i Hålandsdalen kyrkje fredag 29.mai kl.19.30. Bandet saman med solist Benjamin Røen star for årets kick-off for Walk and Run. For to år sidan samla dei fullt hus i bygdaheimen på Holmefjord. Bli med på ei flott musikalsk oppleving!

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjertnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no



Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@limtre.no

www.limtre.no

Fusa
Ferdigbetong as



5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter



FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR



Fusa

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.fusa.no

MCA

STRANDVIK
Transport og Maskin AS

5643 STRANDVIK □ strandvik.no □ dulten@online.no
56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

Norheimsund
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46
post@nhstrykk.no

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Grafisk design og trykkeri

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeiklandsosen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

SPAR

Eikelandsosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN

Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historiefremming på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

*Fusa og
Samnanger*

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DOGNÅPEN TELEFON

56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRETT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENT, PÅ HELDESBLØMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 56 58 15 09

Hordaland A/S

Rørteknikk / S

56 58 09 90

hordalandrørteknikk.no

post@hrt.as

Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Strøyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

HERBALIFE

NUTRITION

Independent Member

Ernæring for et bedre liv – en bedre
hverdag! Gå ned i vekt på en sunn og
sikker måte. Spør etter prøvepakke –
uten forpliktelser!

Bli «FordelsKunde» - oppnå 35%
rabatt - fraktfritt.
KA GANGSTØ HERBALIFE
Tlf.: 458 15 890
e-post: famgang@fusi.no

<https://www.toppform.no/ksho>

DK

Dale Kjøleservice AS



Er du nyskjerrig på kristen tru? Ynskjer du meir kunnskap om kristen tru? Ynskjer du å grave djupare i di kristne tru? På eit Aplhakurs får deltakarane dukke ned i dette gjennom undervisning, mat og samtale. Bli med, og kom gjerne saman med nokon.

Alpha

Nytt Alpha-kurs i Fusa sokn startar hausten 2026! Meir informasjon kjem.



HELE NORGE BER
2026

HeleNorgeBer.no

Bønn 24/7

Året 2026 er et spesielt år. Da samles det kristne folket i Norge og ber for landet vårt 24/7 (24 timer i døgnet). Alle døgnene er fordelt til ulike grupper ulike steder i Norge. Det er også flere andre land som deltar i bønn for landet sitt 24/7. Fusa Sokn har satt opp døgnet 22. august hvor vi får stafett-pinnen til å be i 24 timer. Fra kl 00.00 til 24.00. Merk deg dagen og tenk over om dette kanskje er noe for deg. Kanskje du kan gå sammen med en eller flere. Det vil bli laget til kreative bønnerom på Eiklandsosen bedehus til hjelp i bønnedøgnet. Mer informasjon og registrering kommer seinere, men sett gjerne av datoen allerede nå.

-Anette-Emilie Gangstø



Basar-konsert med Fjord`n barnekor

Velkommen til basar-konsert med Fjord`n barnekor på Eiklandsosen bedehus torsdag 23. april kl. 17.30!

Det blir ein god time med glade vårsangar frå barnekoret og utlodning til inntekt for bedehuset.

Passar for heile stor-familien

–Velkommen!



Dåpsskule for 5- og 6-åringar i 2026

Hei alle som er fødte i 2020 og 2021! Du er invitert til dåpsskule! Tre samlingar denne gongen - fint om du set av dato. Dette er eit tilbod om gardsbesøk med nærkontakt til dyr. Det er også ei flott ramme for bibelforteljing, song og leik. **Påmelding til Hildegunn Myrli Eide Tlf: 97650155**

GARDSTUN	SAMLING 1	SAMLING 2	SAMLING 3
Anne Gramstad og Ernst Ove Indrebø Møtepunkt for dei som bur i Søre Fusa, Hålandsdalen og Eikelandosen.	Tirsdag 19.mai Kl. 17.30-18.30	Tirsdag 26. Mai Kl. 17.30-18.30	Samling for alle: Familiemix 31.mai Eikelandosen bedehus Kl. 11.00 Utdeling av diplom og biletalbum frå samlingane.
Linda Cecilie og Tore Johannes Matland Møtepunkt for dei som bur på Holmfjord/Bogøy	Onsdag 20. mai Kl. 17.30-18.30	Onsdag 27. mai Kl. 17.30-18.30	
Stølen i Strandvik hos fam. Wolff Møtepunkt for dei som bur på Fusa, Vinnes og Strandvik	Torsdag 21. mai Kl. 17.30-18.30	Torsdag 28. mai Kl. 17.30-18.30	



Open kyrkje i Strandvik

Strandvik kyrkje er open kvar tredje tysdag i månaden frå kl. 19:00-20:00. Her kan du setje deg ned, tenne lys, eller berre lytte til det som vert framført. Det vert open kyrkje

- 21. april (Anders Holmefjord les egne tekstar omkransa av orgelmusikk av J.S. Bach),
- 19. mai (13. episode av «salmeboka minutt for minutt» med alle salmane i kategoriane treeiningsøndag, Jonsok, Olsok, folk og fedreland) og
- 16. juni (korsong ved «Sine Nomine»).

Konfirmasjonsdatoar i Fusa sokn våren 2027

Strandvik kyrkje: 1. mai

Hålandsdal kyrkje: 2. mai

Fusa kyrkje: 8. mai

Sundvor kyrkje: 9. mai



Velkommen til samtalegruppe
for etterlatte. *Haust 2026*



Fusa sokn i samarbeid med
Fusa frivilligsentral tilbyr samtalegruppe for etterlatte.
Sorggruppe/samtalegruppe er ei samling der etterlatte får
snakka saman om korleis det er å leva med sorg etter å ha
mista nokon. Å dela erfaringar og tankar kring sorga med
andre, trur me kan vera til hjelp for å stå i sorga.

Tilbakemeldingar frå dei som har delteke i desse
samtalegruppene er særns gode.



- Ope møte ang. sorg (september)
- Påfølgande fire samtalegrupper
- Siste samling eit måltid på café
- Dato for samlingane vert
offentleggjort i juni 2026.

Ta kontakt med Hildegunn Myrliid Eide
(Tlf:97650155)om du lurer på noko.

«Når det vi frykter skjer, går det an å mestre sorg,
men vi trenger omsorg som et varmt teppe rundt
skuldrene våre mens vi fryser»
(Tove Houck)

Arbeidsgruppa for
samtalegruppe for etterlatte er:
Maren Hamre, Bodil Samnøy og
Hildegunn Myrliid Eide



Kick-Off-konsert for Walk & Run
Hålandsdal kyrkje

Fredag 29. mai kl. 19.30

Billetter kr. 180,- på

www.hoopla.no

Overskottet frå konserten går til Walk &Run

KLUBBEN



Tweens Klubben!

For dei frå 5. klassa og oppover!

Stad: Eikelandssosen bedehus

Dag: Fredagar

Tid: Kl. 18:00 – 20:00

Mange ulike aktivitetar og spel, andakt,
kiosk og pizza.

Velkommen til sosiale og gøye kveldar!!

Datoar: 23.januar, 6.februar, 13.februar, 6.mars, 20.mars,
17.april, 15.mai.



Av: Fusa kyrkjelyd. Ta kontakt med Gry Mjelde om du lurer på noko: 934 96 226.

Årsmøte i Fusa sokn

Blir onsdag 6. mai kl. 19.00 på Eikelandssosen
bedehus. Forutan vanlege årsmøtesaker skal
soknet denne dagen vedta ny strategiplan for
dei neste åra. Arbeidet med denne planen starta
på årsmøtet i 2025 med idémyldring. I vel eit år
no har stab, sokneråd og frivillige arbeidd med
planen slik at den skal bli både brukarvenleg,
tydeleg, visjonær og realistisk. Bli med på
årsmøtet og ta del i fellesskapet for framtida!



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gate:

Veit du kva som går opp når den går ned? Glidelåsen!

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland



Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vits:

Hvis du kallar meg liten éin gong til, så hoppar eg opp og bit deg i kneskåla!

KONFIRMANTAR I FUSA SOKN 2026

Sundvor kyrkje laurdag

2. mai kl. 11.00

Dennis Haugen
Magnus Lyhammer Sævareid
Solveig Zanele Hauge

Fusa kyrkje søndag

3. mai kl. 10.00

Brynhild Markhus
Iselin Kaland
Konrad Egbe Rosvold
Kristoffer Lien Holmefjord
Laura Murcia Martin
Raquel Murcia Martin
Linnea Øpstad
Matthias Caceres Folkestad
Noah Øpstad-Håvik
Tobias Samnøy Olsen
Vegard Espeland Hult

Fusa kyrkje søndag

3. mai kl. 12.00

Anders Tveit
Andreas Boge Berland
Emil Aadland Nesheim
Emilian Hallan Boge

Joao Guilherme Monteiro Leite
Kristoffer Nordtveit Arntzen
Oskar Sagstad-Hjelle
Stian Øpstad
Tuva Aarra
Vivian Aadland Bolstad
Yasmin Eylül Saldamli

Hålandsdal kyrkje

laurdag 9. mai kl. 11.00

Alva Marie Bugge Furubotn
Emil Berge Hjartnes
Kristine Koldal
Marit Alice Solvang Fagerthun
Mikkel Bruland
Tuva Tveit Gjerdevik

Hålandsdal kyrkje

laurdag 9. mai kl. 13.00

Andrea Rosvoll Heffernan
Anna Maria Silvestre Norheim
Bjørn Johan Bjaanes
Edward André Skaftun
Ingrid Marie Jones Rød
Maia Kristine Jones Rød

Strandvik kyrkje

søndag 10. Mai kl. 11.00

Benedicte Kristiansen
Caroline Algrøy Myklatur
Ella Christiansdotter Epland
Isabella Nilsen Rusås
Lars Andreas Stenevik Gjøen
Markus André Greve Svendsen
Samantha Djuvik Thomas
Sarah Birkeland Olafsen
Sigmund Myrvang Abotnes



Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjer og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817
Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

📞 **951 56 327** storum@fusi.no



Gudstenester i Fusa sokn

22.03.2026 – 12.07.2025

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Anledning for dåp
22.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Nei
22.03.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
29.03	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
02.04	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Nei
02.04	19:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Nei
03.04.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Nei
04.04.	23:00	Hål.dal kyrkje	Gudsteneste	Nei
05.04.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
06.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	Nei
12.04.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Nei
19.04.	11:00	Hål.dal kyrkje	Gudsteneste	Ja
26.04.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
02.05.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Nei
03.05.	10:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Nei
03.05.	12:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Nei
09.05.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Nei
09.05.	13:00	Hålandsdal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Nei
10.05.	11:00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Nei
14.05.	11:00	Vollen, Baldersheim	Friluftsgudsteneste	Nei
17.05.	10:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Nei
24.05.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
25.05.	11:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	Nei
31.05.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja
07.06.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
14.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.06.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
28.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ikkje avklart
05.07.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
12.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå Kyrkjebøkene



Dåp

Eikelandsosen bedehus
07.12.2025 Lykke Næss Agasøster

Hålandsdal kyrkje
08.02.2026 Annika Øksnes Mundheim
08.02.2026 Samantha Djuvik Thomas

Fusa kyrkje
04.01.2026 Lars Eksund Rosvoll
01.02.2026 Olai Hjelle Svendsen
22.02.2026 Theodor Breen Skibenes
22.02.2026 Milia Sagstad
22.02.2026 Julian Stangebye Berge
22.02.2026 Ellie Dale Boge
22.02.2026 Erle Almås Naustheller



Gravferd

Sævareid kapell
10.12.2025 Lilly Johanne Sævareid, f. 29.08.1934

Strandvik kyrkje
18.12.2025 Karl Vindenes, f. 17.11.1940

Hålandsdal kyrkje
12.12.2025 Gjert Drageide, f. 20.08.1944
18.12.2025 Harald Tveitnes, f. 02.06.1940
16.01.2026 Kåre Skjelbreid, f. 23.10.1947
19.02.2026 Ole Gjøen, f. 04.01.1944

Fusa kyrkje
08.01.2026 Klara Fagerheim, f. 12.06.1931
09.01.2026 Trygve Øygard, f. 14.01.1933
14.01.2026 Liv Margit Aasvær, f. 04.12.1938
12.02.2026 Arthur Johannes Berge, f. 11.02.1945
20.02.2026 Leif Harald Gjerde, f. 06.01.1939

Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

S
i
d
a
n
s
i
s
t



Eit knippe av dei mange påmeldte på Babysang denne våren



Astrid og Lillian formidlar juleevangeliet i Sævareid kapell Julaftan 2025



Takk til Anders Holmefjord for mange år som gudstenesteleiar



Familiemix 11. januar



Ein strålende flott gjeng på Tweens-spesial 12. desember!



Fullsett Fusa kyrkje på konsert med Atle Pettersen og lokalt prosjektkor



God stemning på Minglemiddag med Taco på menyen